



3/2013

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



”Eg har ein plan, gutar !”

Det sa Egon i Olsenbanden. Men gutane var alltid på feil stad til feil tid, og kvar gong hamna Egon i fengsel. Tilbake satt kompisane Kjell og Benny saman med Valborg, og mimra over dei mislykka planane.

Gud hadde òg ein plan, ikkje ein slik som Egon hadde, men ein langt betre plan. Hans plan handla om korleis han skulle frelsa oss menneske. For han skjønna at vi verkeleg trong hjelp, så mykje rart vi kunne finna på. Til å byrje med trengde han ein som var viljug til å kunngjere og rope ut planane. Gud jobbar langsiktig og førebur planane sine godt.

700 år f.Kr. fann han profeten Jesaia, og fekk han til å ropa ut frelseplanen sin hjå alle menneske : ”Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram... For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull Rådgjever, Veldig Gud, Evig Far, og Fredsfyrste”.

Og så fortel evangelisten Lukas om det som hende ”i dei dagane”. Gud sjølv, han som budde i det høge og heilage, skulle koma ned til oss menneske og bli eit heilt vanleg menneske som deg og meg. Ei fin løysing for oss, men kunne det vera ein god plan for Gud ?

Der ute på Betlehemsmarka, i ein stall, mellom sauer, grisar og kyr, og mellom møkk, fôr og reiskap, låg Gud sjølv ! Ser vi dette frå gjæterane, kongens og foreldra sin ståstad, kunne det sjå ut som om alt hadde gått gale ! Himmelkongen låg no bokstaveleg tala

blant skit og møkk ! Hadde Guds plan òg slått heilt feil ? Han burde jo vore fødd i eit slott – eller burde han ikkje ? Hm - -.”Her var mykje som ikkje burde vore som det var.” Blei kan hende Jesusbarnet fødd av feil mor, på feil plass og til feil tid? Tenk at ei ugift jente på 14-15 år vart mamma til det vesle Jesusbarnet ! Alt såg jo ut til å ha slått feil ! Og så blei han flyktning.

Då Gud vart menneske, var han slett ikkje kravstor. Jesus braut opp frå himmelslottet sitt og gav avkall på sin eige rikedom då han kom til vår verd. Han let seg ikkje føde i kongens slott eller i rikmannens vakre hus. Han byrja livet sitt i fattigslege kår.

Eg trur det var ei meining bak det heile. Gud ville gjere stallen til ein bustad for kongen. Og her finn eg evangeliet, som er blitt til ei så stor glede for meg. Om Jesus kunne ta bustad i ein skitten stall, så kan han også ta bustad i oss og gjere våre hjarto til ein kongsgard. Det er Guds gode plan for deg og meg. Det er i våre liv han ynskjer seg ein bustad. Det er til oss han kom. Og for at vi skulle skjønne at han vil bu i våre hjarto, let Gud sonen sin bli fødd i ein skitten stall.

I dåpen tok han bustad i våre hjarto. Til vår stall kom han. Den gongen var det plass i herberget. Uakta korleis det ser ut der inne i dag, ynskjer han framleis å være konge der i stallen. Det er kva jula handlar om. Ei riktig god julehøgtid – frå Ola prest

HYMNE TIL JOSEF

frå Inger Hagerup

Den unge Maria vandret engang til Betlehem by,
forteller den gamle legende, som alltid er like ny.

Det var ikke rom i herberget, men stallen var lun og varm.
Så fødte hun der sin første sønn, støttet av Josefs arm.

Stjernesoler og vismenn, hyrder og englekor,
hva tenkte den mørke Josef, som aldri mælte et ord ?

Gjennomstrålet av himmelsk glans lyste de hellige to.
Hva tenkte den mørke Josef, som bare var trofast og god ?

Kan hende han svøpte sin kappe litt bedre om barnet og moren.
Slik vernet han ordløs menneskets drøm, den hellige Josef av Jordan



Diakoni

er Kyrkja si omsorg for heile menneske! Diakoniarbeidar Eldbjørg har fått utarbeidd ein foldar, der ho minner om at besøks-tenesta i Vestre Slidre er til for at alle skal ha nokon å dele opplevingar med, for mennesket er jo skapt til fellesskap i gjensidig tillit og respekt. Eldbjørg spør om DU vil vera besøksven for nokon som er åleine og einsam, om DU vil halda ei hand, svara på spørsmål eller stilla dei sjølv, og ha tid å venta på svar, om DU vil vera medmenneske og gje noko av deg sjølv? Eit medmenneske kan vera eit lyspunkt i kvardagen for den som sit åleine, kan vera den som les avisa, fylgjer til legekantoret og butikken, eller ein liten gåtur utom døra, den som lagar ein kaffikopp og tek seg tid å drikka den opp i lag med den som får besøk. **Du treng inga spesialutdanning for å visa omsorg og vera besøksven, men du treng den eigenskapen at du er glad i menneske, og har eit varmt hjarte!** Har du *det*, bør du ta kontakt med Eldbjørg, anten på Kyrkjekantoret 61345098 eller på 45202615 utanfor kontortid, og du er velkomen!

GÅVER TIL KYRKJEBLADET har de vore rause med i år òg, nær 32.000.- kr er kome inn på kontoen vår i denne omgangen. Kan hende kjem endå meir innan året er slutt, om nokon har gløymt av heile saka? Vi kan berre TAKKA dei som har gjeve pengegåver: Astrid og Nils Anmarkrud, Astri Karin Aune, Gudveig Bakken, Hilde og Are Berg, Turid og Ola Berge, Øyvind Magistad Berge, Solveig Lagrud Berger, Solveig og Leif Bergheim, Anna Berglid, Gerd og Erik Bergum, Gro Bjørhei, Berit og Gunnar Breivik, Jenny og Knut Bråten, Olav Bråten, Siv Tone Drevsjømoen og Knut Børve, Nils Dokkehaugen, Anna Egge, Ragnhild Ellestad, Inga Engevoold, Mary Evensen, Signe Finneberg, Ellen og Ole Fosheim, Ingrid Fosheim, Fosheim Sag & Høvleri, Gunvor og Knut Fystro, Else Før, Georg Garvik, Inger Grefsrud, Nina Grythe, Anne Marie Gustavsen, Ingebjørg Haganæs, Marit Liborg Hambro, Tove og Jan Martin Hambro, Bjørn Harald Hamre, Eva og Ove Hamre, Randi Hamre, Marianne og Gunnar Hamre, Ivar Hamre, Trond B. Hamre, Arne Hamre, Rigmor og Aslag Hamre, Ingeborg Hamre, Ingrid og Reidar Haugen, Arne Anders Haugen, Ingebjørg Haugene, Olav Haugli, Sigrid Arnesdatter Hedalen, Reidun Sonja Hegge, Kåre Hippe, Knut E. Hjelle, Kari Smedsrud og Torleiv Hjelle, Anne Holden, Inga Holden, Joan og Leif Homme, Arnlaug og Oddvar Hovda, Aage Hovengen, Anne Lise Husby, Dorthe Marie Høyne, Ingebjørg og Ole Høyne, Kari og Olav Høyvik, Nils Hålien, Kristine og Arne Ildjarnstad, Kristoffer Ingemoen, Esther og Endre Johme, Kari Johme, Else Johnsen, Kari og Per Johnsen, Gustav Johnsrud, Målfrid Kirkengen, Ruth og Odd Steinar Kirkengen, Trine Geicke Kolbjørnshus og Odd Kolbjørnshus, Knut T. Kvale, Annvor og Nils Kvale, Olav E.Kvale, Ingrid og Ola Kvissel, Torbjørg og Anders Kvissel, Kirsten Kårstad, Solveig Lagrud, Åse og Torgeir Lasskogen, Marit Fosheim Lauritzsen, Aud og Sigmund Lisjordet, Marit Luise Ljønes, Harald Lome, Marit Lome, Ingebjørg K. Lome, Kari og Knut Lome, Jorunn og Bjarne Lome, John Lykken, Marit Røvang og Magne Lyseng, Borgny Lyster, Marit Anny Løken, Olav Magistad, Kari Masdal, Egil Mo, Kari og Per Odd Moe, Ingebjørg og Magne Moe, Grethe og Eivind Gunnar Myhre, Ingar Myrheim, Anna Myrvang, Bjørn Nilsen, Anne Sigrd Oldre, Kari Marie Opheim, Ida Opheim, Kristine og Oddvar Opheim, Nils Einar Ormestad, Ragnhild Reien, Randi Reishaugen, Gunnar Ringen, Kari og Ivar Ringestad, Ola Riste, Randi og Knut Robøle, Torhild Roen, Martha og Nils Rogn, Arne Rogndokken, Gro og Knut Rudi, Alf Edvin Rye, Marie Rødningen, Målfrid og Andris Rødningen, Ruth Marie Røn, Kari Skattebo, Anna Riste Skjelbredalen, Kari Skjølås, Marit og Arne Skogstad, Marit og Knut Skrindsrud, Sigrd Skåren, Anne Grete og Ola Magne Solberg, Ann Catrin og Tom Oddvar Solheim, Andris Stee, Annie Reidun Stee, Sigrd Stenerud, Johan Trygve Stormyren, Ragnhild Strømmen, Sigrd Strømmen, Eli Sælid, Tordis Sørsum, Kristine Tande, Anna og Ola Tande, Knut Tildheim, Rønnaug Trøen, Kjell Trøen, Marit og Harald Trøyflat, Kari Tuvmarken, Hilda og Olav Tuvmarken, Andris Tuvmarken, Oddbjørg Tvenge, Marit Trøen Tvenge, Marit Høyne Tørstad, Oddbjørg Ulvestad, Anne og Bjørn Viken, Bjørn Vistehagen, Ingebjørg Volden, Ingrid og Birger Wangensteen, Anna Ødegård, Gerd og Olav Birger Ødegård, Marit og Torbjørn Øygard, Vidar Aas + ei namnlaus overføring.

På nytt vil vi TAKKA DYKK!



MIN JULESANG

Dufta av nybaka julekake, julemusikk på radioen, besøk av slektningar og øving på julesongen. «Julekveldsvisa» vekker gode barndomsminner for meg. Hugsar veldig godt at eg framførte denne julesongen på ein juletreffest på Ristetun i lag med ei venninne før mange år sidan.

Julekveldsvisa

Tekst: Alf Prøysen Melodi: Arnljot Høyland

Nå har vi vaske golvet og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelband og vi har pynte tre'.
Nå sett vi øss og hvile og puste på ei stund,
imens je rugge vogga, så bror din får en blund.

Dra krakken bortått glaset, så sett vi øss og ser,
og prøve finne leia der julestjerna er,
den blankeste ta alle, hu er så klar og stor
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hu er så snill den stjerna, hu blonke', kan du sjå ?
- og nå ska je fortælja og du ska høre på :
Den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru imilla seg
og himmel'n og ei krubbe og ei ku.

I krubba låg en liten gutt så fresk og rein og go,
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta der omkring dom kute tel og frå,
og bar med seg små lam-onger som gutten sku' få sjå.

Og tel og med tre vise menn – dom rei i flere da'r,
og ingen visste vegen og itte 'hen det bar,
men stjerna sto og blonke på himmelhvelven blå,
så ingen ta dom gikk bort seg og alle tre fekk sjå.

Ja, det var fyste gongen som julestjerna brann,
men sea har a brønni i alle verdens land,
og såmmå å som hende er stjerna like stor,
- du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Denne julesongen fenger folk i aller aldrar – barna i barnehagen er òg veldig glad i denne. Synes julefreden senkar seg når denne vert framført og den gjer eit godt bilde av det som skjedde denne spesielle julenatta.

Gode barndomsminner er viktig og eg er veldig opp-
teken av at dagens barn òg skal kunne tenke tilbake på
den tida dei var små med glede og glød i augene. Da-
gens tempo er mykje høgare enn då eg var liten og eg
trur at det er lett at kosen blir litt borte i alt stresset.
Målet må vere å kunne få til kvalitetstid for heile fami-
lien og kanskje ikkje vere så opptatt av alt det materia-
listiske heile tida.

*Vil få ynskje alle gode sambygdingar ei god jul
og eit godt nyttår med mykje glede og glade ansikt:*

Juleklem frå Kristine Tande



*Kjersti, den nye klokkaren
i Lomen sokn.*

Lomen kyrkje

feirar olsok 2014 sitt 100-årsjubileum. I dette høve er det nødvendig med ei full renovering av overflatene inne i kyrkja. Vestre Slidre Kommune har løyvd 200.000.- kr til dette formålet i 2013, og har gjeve lovnad på resten av prisoverslaget i 2014. Slidre Bygg & Prosjektering skal utføre jobben. Det har vore eit omfattande forarbeid. Farger og materialtyper må fastsettast av ekspertar, biskop, med anbefaling av Riksantikvaren, skal godkjenne prosjektet. No er alt det formelle i orden, og arbeidet startar frå 2. desember 2013. Då blir Lomen Kyrkje stengd i nokre månader framover, men er lova ferdig til konfirmasjonen i 2014.

Alle gudstenester som skulle vore i Lomen Kyrkje, blir i anleggstida haldne i Slidredomen, der tilsette i Lomen Kyrkje og Lomen Sokneråd har ansvar for messa. Alle gravferder blir i Slidredomen, men jordfesting blir på Lomen kyrkjegard. Båra vert sett i bårehuset i Slidre, og alt som skal foregå i kyrkja, blir i Slidredomen, men ein reiser derifrå til Lomen kyrkjegard, der jordfestinga blir.

Vi håper dette ikkje vert vanskeleg for dei pårørande. Er det spørsmål rundt stenginga av kyrkja, må du ta kontakt med kyrkjeverge Elisabeth Myhre i telefon 61345095 eller 90591761.

Kyrkjeverge Elisabeth

KYRKJEHELG

Synnøve Riste

Du skimtar gjennom rimdim rute i snøkvit skog eit kyrkjehus,
der sorg vert song i orgelbrus. Der sjela søker Gud og stilla.

Du høyrer òm av tunge tonar, av kjende, kjære klokkeslag.
Du vigsjar Gud din nye dag. Du let han fülle hug og tankar.



Dette flotte kunstverket, bygd av sand i sanden, som framstilte Jesus, læresveinane og nattverden, fann Olle Rosendal på Tenerife. Det var så flott at han gjerne vil dele dette med lesarane våre.

GUDSTENESTER fram til Påske 2014

dag	tid	stad	kva slag	prest	organist
08.12.2013 Lysmesse	19,30	Slidredomen	Høgmesse	Ola Døhl	
24.12. Julekveld	15,00	Slidredomen	Gudsteneste	Ola D.	
	16,00	Røn Kyrkje			
25.12. Juledag	11,00	Slidredomen	Høgtidsgudsteneste	Ola D.	
26.12. 2.juledag	11,00	Sjukeheim	Julegudsteneste	Ola D.	
01.01.2014 Jesu namnedag	11,00	Øyjar Kapell	Nyårsdag	Ola D.	Are Alund
05.01. Kristi openberring					
12.01. 2.sønd. i openb.	11,00	Slidredomen (Lomen sokn)	Familiegudsteneste, 6-årsbok	Ola D.	Are A.
19.01. 3. sø. i o	11,00	Slidredomen	Høgmesse	Ola D.	Are A.
26.01. 4. sø. i o.	11,00	Røn Kyrkje	Familiegudsteneste 4-årsbok	Ola D.	Are A.
02.02. 5. sø. i o. Kyndelsmesse					
09.02. 6. sø. i o.	19,30	Slidredomen (Lomen sokn)	Høgmesse	Ola D.	Are A.
16.02. Såmannssøndag	19,30	Slidredomen	Taizée messe, Ungdomsmesse	Ola D.	Are A.
23.02. Kristi forklaring	11,00	Øyjar Kapell	Høgmesse	Ola D.	Are A.
02.03. Fastelavenssøndag					
05.03. Askeonsdag					
09.03. 1. sø. i faste	11,00	Slidre (Lomen sokn)	Høgmesse	Ola D.	Are A.
16.03. 2. sø. i faste	11,00	Slidredomen	Familiegudsteneste Tårnagentar	Ola D.	Are A.
23.03. Maria bodskap	11,00	Røn Kyrkje	Høgmesse	Ola D.	Are A.
30.03. 3. sø. i faste	19,30	Slidredomen	Høgmesse	Ola D.	Are A.
06.04. 4. sø. i faste					
13.04. Palmesøndag	11,00	Slidre (Lomen sokn)	Høgmesse	Ola D.	Are A.
17.04. Skjærtorsdag	12,00	Sekskanten, Vaset	Høgmesse	Ola D.	Are A.
18.04. Langfredag	19,30	Slidredomen	Langfredagsgudst.	Ola D.	Are A.
19.04. Påskennatt					
20.04. Påskedag	11,00	Slidredomen	Høgtidsmesse	Ola D.	Are A.
21.04. 2.påskedag	11,00	Sjukeheimen	Påskemesse	Ola D.	Are A.

Gullkonfirmantane jubilererte

I år var det vår tur til å jubilere. I januar tikka det inn invitasjon frå Kyrkjekontoret i Vestre Slidre. Sannelig var det ikkje i år 50 år sidan vi «gjekk til presten». Eg plukka fram att bilde får den tida, og jammen var det mange eg ikkje hadde sett på mange, mange år. Eg let meg ikkje beda lenge, og melde meg på med ein gong. Det skulle bli moro å sjå om dei andre medkonfirmantane var like unge og kjekke no som før.

Året var 1963 då vi ein fin sumardag sto på rekkje og rad i Slidredomen – heile 39 stykk var vi, og sokneprest den gongen var Bjarne Norheim. Konfirmantbuinga byrja på våren, og vi sykla til Slidre, der undervisninga gjekk føre seg, og der vi gjekk på framhaldskulen. Det skjeddde mangt på desse sykkelturnane. Vi gutane hadde og eit auga til dei finaste jentene – men det var ikkje sikkert at dei hadde det same auga til oss. Presten sette si ære i at vi skulle kunne bibelsoga, og vi pugga salmevers til langt ut i kveldssete, før lekse - den skulle vi kunne! I blant gjorde vi og skjemtstrekk, og det var ikkje heile tida pesten syntes det var like artig. Men vi vart etter kvart ein flokk, som tok konfirmantbuinga på alvor.

Den fine junidagen i 1963 står fortsatt som et veldig fint minne, og det var stolte foreldre som kom til kyrkje for å vera med oss denne dagen. Gåvene vi fekk til konfirmasjon den gongen, var nok ikkje av slike karakter som det er i dag. Eg hugsa at eg ynskte meg ny sykkel med gir – og det fekk eg. Tenk ein sykkel med tre gir ! Vi følte oss som verdens mest heldige unga ! Etter kvart flytte mange ut for å søkje på skule

eller i arbeid. Nokon av oss held ut ei stund – men arbeidsmarknaden var i Oslo.

I tillegg til innbydinga frå sokneråda, hadde Randi Før og Liv Hamre Bang, teke initiativ til at vi skulle samlast på Gomobu (der gamle Nesjaskule no står restaurert som eit fint selskapslokale). Vi melde oss på 21 stykk av oss, og vi vart samla der vi delte gamle minner saman frå den tida vi gjekk på Framhaldskulen og vi gjekk til presten. Fem av våre medkonfirmantar hadde i mellomtida gått bort. Det vart mange muntre innspel og gode lattersalver inni mellom. Det vart ein gjevande kveld – der vi held på til midt på natta. Eg trur mange kjende seg att på gamle Nesjaskula, og det er ikkje tvil om at det sit att mange minne i veggane der.

Så møttes vi i Slidredomen søndag – og det var ein fin augustdag, der sola sto fram på same måten som ho gjorde på konfirmasjonsdagen vår. Presten ynskte oss til lykke med jubileet, og held ei «ungdommeleg» preike til oss. Etterpå var vi bedt til Sjukeheimen i Sanitetssalen, der vi fekk svært god traktering av sokneråda. Vi fekk ei fin stund der vi fortalte historier, og alle fekk med «Stølsminner» ei diktsamling av mi mor, og det fall i god jord. På ettermiddagen skilde vi lag, men var einige om at vi skulle ta ei samling att seinare. Vi vil takke sokneråda i Vestre Slidre for den fine stunda vi fekk sammen med mykje god mat og mykje hyggje. Vi vil og takke Randi og Liv for at dei tok initiativ til å samle oss laurdagskvelden på Gomobu.

Olle



*Bak frå V.: Knut Idstad (er opp-
teken av kamera eller telefon
?), Ivar Hamre, Åsta Norheim,
Ola Hauge, Ivar Hjalmar Eng-
vold, Ivar Løvlie, Per Kristian
Tvenge, Tore Vidvei, Arne Egil
Dyvesether, Arvid Reidar
Fystro, Olle Rosendal.*

*Fremste rekke frå V.: Ola Sand-
haugo, Randi Før, Liv (Hamre)
Bang, Hilde (Smedhaug) Skol-
lerud, Kari (Bergheim) Moe,
Marit (Rogn Hamre) Sveen,
Margit (Kvale) Slåttsveen, Else
Ingrid (Lome) Hamre.*

Novemberkake

4 eggeplommer	Gul Krem
3 ss varmt vatn	2 dl fløyte
125 g sukker	2 ts vaniljesukker
1 ts vaniljesukker	200 g sukker
2 ts kanel	4 eggeplommer
75 g kveitemjøl	250 g smør
50 g potetmjøl	Fyll og Pynt
1 ts bakepulver	2 dl eplemos
4 eggekvitar	skiva mandlar
	sjokolade

Skil egga. Visp eggeplommer, varmt vatn og sukker til ein luftig krem. Sikt i kveitemjøl, kanel, vaniljesukker og bakepulver. Stivpisk eggekvitane, og løft dei inn med slikkepotten. Hell røra i dobbelmurt form 24. Steikast ved 175 gr.ca 35 min. Kjenn med kakenål om den er steikt. Avkjøl på rist.

Lag gul krem

Kok opp fløyte, sukker og vaniljesukker. Visp eggeplommene. Spe med den varme fløyteblandinga, og bland det godt. Ha det tilbake i kjelen, rør heile tida til det tjuknar. Ha det tilbake i mikseren, pisk til det blir avkjølt. Tilsett mjukt smør, visp vidare til ein lett, luftig og glatt krem. Del kaka i to lag. Fyll den med eplemos, så noko av den gule kremen. Legg på den andre halvdelen, dekk den med resten av den gule kremen oppå og rundt kanten. Pynt den etter ynskje.



Ambassadekake

4 egg	0,5 dl sukker
2,5 dl sukker	0,5 dl kaffi
2 ss vatn	100 g smelta
50 g malte mandlar	smør
1 dl potetmjøl	½ plate kokesjokolade
0,75 dl kveitemjøl	5 dl kremfløyte
2 ts bakepulver	Pynt
Fyll	Sjokolade
1 egg	

Pisk egg og farin til stiv eggedosis. Sikt i kveitemjøl, potetmjøl og bakepulver. Løft inn dei malte mandlane. Tilsett til slutt kaldt vatn.

Hell røra i dobbel smurt form 26. Steikast ved 160 gr.ca 45 min. Kjenn med kakenål om den er steikt. Avkjøl last på rist.

Lag fyllet

Pisk egg og farin til stiv eggedosis. Smelt sjokoladen og smøret i kaffien. Avkjøl. Rør det inn i eggedosisen. Pisk fløyta til krem, og bland den med sjokoladerøren. Del kaka i to, og ta noko av kremen inni kaka. Legg på den andre kakedelen. Smør resten av kremen oppå og rundt kanten av kaka. Pynt etter ynskje.



SØNDAGSSKOLEN viktig som aldri før

I 2014 feirer den 125 årsjubileum. SØNDAGSSKOLEN NORGE og deres pedagogiske medarbeidere sørger for at hjelpemidler er på plass slik at den lokale lederen har det en trenger for å drive. SPRELL LEVENDE heter formidlingsopplegget, og det kan benyttes på ulike måter.

En del steder her i Oppland er det ledere som tar tak i dette arbeidet og samler ungene regelmessig. Er det flere som kan samarbeide om en gruppe, er det veldig fint. Noen har funnet en ukedag å møtes. Andre steder er det å komme i gang som er utfordringen. JESUS TIL BARNA er søndagsskolens visjon. Det vil vi gjerne løfte fram og opp.

Søndagsskolekonsulent kan bidra med hjelp for dem som vil prøve, og dem som har holdt på en stund. **Barna trenger søndagsskolen, og søndagsskolen trenger barna.** Velkommen til å ta kontakt!



Søndagsskolekonsulent Randi Korsveien
telefon 48159266 - e-post :
randi.korsveien@sondagsskole.no

MÅNDAGSTREFFET på Kvamshall er òg eit svært godt tiltak !



NYE MEDARBEIDARAR i Kyrkja har vi fått i haust

ELDBJØRG MYRVANG WIKNES er komen som ny kontorfullmektig, som ny klokkar i Slidre, og som ny diakoniarbeidar. Ho har allsidig utdanning og bakgrunn frå fleire fagemne. De finn ho i telefon 61345098 på Kyrkjekontoret visse dagar, eller mobilt på nr. 45202615. Ho bur i Øystre Slidre. Sjå bildet i avsnittet om diakoni.

KJERSTI KIRKEBY ØDEGÅRD, som var trusoppplæringsleiar i øvre Valdres, hadde lyst til fortsett arbeid i Vestre Slidre, og vil no vera klokkar i Lomen sokn. Du finn Kjersti mobilt på nr. 41609647. Ho bur på Fagernes, og har ikkje faste kontordagar i Slidre. Sjå bildet i avsnittet Lomen kyrkje.

***DEI ER VELKOMNE BÅE TO
til arbeidet i eit kyrkjeleg fellesskap !***



SMÅ ENDRINGAR i gudstenestene i Vestre Slidre

Dei døde skal minnast i gudstenesta. Frå no vil namna på dei døde i soknet sidan siste gudsteneste, bli lese opp i fyrste gudstenesta etter gravferda. Vi vil då minnast dei døde og be for dei sørgjande. Det vil òg bli tendt lys for dei døde, for å vise at Krtistus er verdas lys.

Gudstenesteutvalet har òg gjort vedtak om nokre

små endringar i høgmessa. Kyrkjerådet har gitt oss tallause val vedr. Liturgisk musikk, bønner m.m.. Her i Vestre Slidre blir det ikkje store endringar, og liturgien i høgmessa blir lik i alle sokn.

**VELKOMEN TIL MESSE!
Kyrkjeverge Elisabeth Myhre**

RÅDSSTRUKTUREN I KYRKJA


Vestre Slidre er ein liten kommune både i areal og folketal, men vi held oss med tre kyrkjesokn. Sokna samarbeider nært og tillitsfullt, m.a. held vi felles møte om saker som gjeld alle, og same kvelden held vi sermøte for kvart sokn. Oppgåver som t.d. Lys Vaken og Tårnagentar løyser vi i lag, likeeins det nye Tween Camp. Vi har og eit Kyrkjeleg Fellesråd, med to personar frå kvart sokn + kommunal representant + kyrkjeverge + presten, som sit i alle råda.

Vi har så vidt lufta tanken om det kunne vera høveleg for oss å sameinast til berre eitt råd, men spørsmålet er ikkje handsama som sak i noko kyrkjeleg organ her. Mange fellesråd i fleire bispedømme har

hatt same saka til handsaming, og fleire har gjennomført sameininga. Redaksjonen i Kyrkjebladet har hatt kontakt med fleire av desse for å høyra korleis saka vart handsama frå tankestadiet til gjennomføring. Dei som har gjennomført dette, vil ikkje attende til tidlegare ordning, seier dei. Det er viktig å få med medlemmar frå alle tidlegare sokn, heiter det, og opplegget for soknerådsvil må gjennomtenkast grundig. Vi meiner denne saka er overmoge for drøfting og gjennomgang. *Skal ei sameining kunna gjelde frå hausten 2015, hastar det med arbeidet!* Dei nye sokneråda får alle sakspapira vi har om dette.

KONFIRMASJONANE

i Vestre Slidre har vi gjennom mange år halde den sist søndagen i mai og dei to fyrste søndagane i juni. Påsketida avgjer når pinsa kjem, og *den* kan lett koma ei av konfirmasjonshelgane. Av di spørsmålet om ei endring er lufta frå konfirmantforeldre, har dei tilsette i Kyrkja i Vestre Slidre bestemt av *vi held konfirmasjon laurdag, altså pinskvelden, dei åra 1.pinsedag treff ein "konfirmasjonssøndag"*. Dette gjeld ikkje i 2014, men *fyrste gongen frå og med 2015*.



KYRKJEÅRET

er ein årskalender Kyrkja nyttar. Frå første søndag i advent følgjer det Jesu liv i den tidfesta rekka evangelia fortel, og gjennom året kan vi da få heile Jesu livshistorie repetert.

Kyrkjeåret har sju tider : *advent, jul, openberring, faste, påske, pinse, og treeining*. Det er utarbeidd eit forslag på salmar som høver til kvar dag/hending gjennom året. Dei ulike tidene blir òg markerte med

fire ulike fargar, og tekstilane i kyrkjerommet vert gjerne skifta ut etter tida vi er inne i (*om Kyrkja har alle tekstilane!*). *Fiolett/lilla* er symbol på kamp, oppgjer og sorg. *Kvitt* er merke på glede, fest og reinleik. *Raudt* syner Ande og eld og offer og blod. *Grønt* er teiknet på liv og vekst, medan *svart* er symbol for sorg (berre ein dag i året, langfredag).

BÅREHUSET

ved Slidredomen har vore diskutert lenge, serleg i samband med det millionfondet vi fekk etter Knut Lahaug tidleg på dette hundreåret. Styret for fondet meiner tanken frå gjevaren var eit *bårehus med kyrkjestove*, men tolkinga av teksten i testamentet er noko ulik. Kommune- styret har i to periodar avslått å byggja eit nytt hus, på tilvist tomt ovanfor Vøllavegen, vegg i vegg med forpaktarboligen i Prestegarden, enda om fondsmidlane no er komne opp i rundt 1,6 mill. kr. Det vil likevel kosta 2-3 mill. å byggje huset, og so skal det jo haldast ved like og driftast gjennom året !

Det er likevel klart at vi treng eit betre og større bårehus enn vi har no. Vi manglar kjølerom her, og sanitæranlegget er i sterkt forfall. Det er økonomisk gjennomførleg å forlenga dagens bårehus nedover, med same høgde på taket. Da fekk vi auka plass til kjølerom i bå-

rehuset, vi fekk ei skikkeleg sanitæravdeling, og vi fekk eit rom til hagereidskap m.v. Eit slikt tilbygg vil ikkje skjemma utsynet korkje frå den freda kyrkja eller frå den verna presteboligen, heller ikkje frå grannar eller trafikken på Vøllavegen, og vi kunne byggje for dei inne- ståande fondsmidlane ! **Men rundskriv nr. T-3/00, utsendt 02.05.2000**, frå Kyrkje-, utdan- nings- og forskningsdepartementet og Miljø- verndepartementet, om ”*Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kultur- minne og kulturmiljø*”, seier i pkt. 4.2 : ”**Etter kirkelovens § 21 femte ledd, er det forbudt, utan tillatelse fra biskopen, å oppføre bebyg- gelse nærmere kirke enn 60 m i spredtbygd område. Dette omfatter også kirkelige bygg og annen bygning på kirkens egen grunn. - - -**”. Denne saka er verd vidare drøfting !

PRESTEGARDEN I VESTRE SLIDRE

står utan forpaktar frå 14. oktober 2013, og OVF (Opplysnings Vesenetts Fond), som er eigar, heldt synfaring av driftsbygningar og jordveg den 9.okto- ber, der Gunnar Frigård og Ivar Tollan møtte frå OVF som ”vertskap” for berre fire frammøtte med interes- ser i saka.

Det utlyste arealet på 115 mål dyrka innmark vert vanskeleg å finna, garden har ikkje støl, og lite nyttbar skog. Alle er samde i at ein prestegard midt i bygda, like ved kyrkja, open for alle auge, ikkje skal sjå ut slik Slidre Prestegard står i dag.

Forpaktarboligen var vi ikkje inne i, men alle ser jo at den står nedgrodd i kratt og ugras på tomte si. Fjøset sto slik det vart forlate i vår. Dyrerommet har lita takhøgde og er vanskeleg å ventilere og halda tørt, båsinnreiinga er utrygg å satsa på vidare, utgjødslinga fungerer visst, men møkkjellarane er meir enn fulle. Mekanismane for fylling og tømning av grassilo er ikkje bruka dei siste åra, men skal visstnok vera i orden. Låvetaket er heilt og tett. Garden har kommu-

nalt vatn på vassmålar, og no er kubikkprisen 15.- kr for kommunalt vatn i Vestre Slidre, medrekna m.v.a. Ei ku i full produksjon må ha 50-100 l væske kvar dag.

Grasmark og openjord nedanfor vegen er ikkje skjøtta, korkje med gjerde eller dyrking og ugras- kamp. Areala nærmast husa ovanfor Vøllavegen er hausta og i orden. Mindre enn halvdelen av arealet ovanfor Slidrevegen er nyttbart i dag, med mindre det vert rydda og grøfta. Øvre delen her er svært bratt og tørr. Bekken må senkast og benkast. Tidlegare hadde garden flyttbart vatningsanlegg, men det er ikkje halde ved like og bruka ”sia Arilds tid”.

OVF vil enten pakta bort heile garden samla, eller leiga bort hus og jord kvar for seg, gjerne til fleire lei- getakarar. Økonomiske vilkår for forpaktar/leigetaka- rar vart avvist som drøftingsemne i denne samlinga, men vi vil tru at ein ny paktar av heile garden må ha to års avgiftsfri leige om ho/han skal setje driftsappa- ratet i drivverdig stand for eigen kostnad.

MO KYRKJERUIN

har vore gjennom mange års restaurering og nyoppbygging, og i haust fekk vi ein grundig gjennomgang av det som er skjedd. Lørdag 7.sept. kunne Ingebjørg Moe ynskje 26 personar velkomne i Olbergsalen, der *Jan Bøhre Jahnsen* dro historiske liner inn i nyare tid. Det var han som ”nyoppdaga” ruinane tidleg på 70-talet, og grov fram starten på nyhistoria i lag med fleire elevar i ungdomsskulen her. Gjennom fleire utgravningar har kyrkjetomta ”gitt oss” 86 middelaldermyntar, av desse 65 norske og 8 danske, og her er funne ei bjørneklo. Utafor kyrkja, men innanfor murene, er funne skjelettet av fem kvinner, som var rundt 25 år og på lag 150 cm høge då dei døydde. Kyrkja og tomta vart freda i 1929, men bruka som steinbrott til i 1977. *Øystein Ekroll*, arkeolog frå Riksantikvaren, fortalde at Valdres var ”kyrkjetett” i middelalderen (men vi har nesten like mange kyrkjer i dag !). Han sa òg at Slidredomen truleg var frå 1260-1270 (men vi feira likevel 800-årsjubileum i 1987 !), og at Mo truleg òg vart bygd i 1200-åra (jamfør med Lome stavkyrkje frå 1193). Mo hadde ikkje vindu på N-sida, og nedst i muren var det kleberstein etter vestlands impuls. Steinarbeidet var av ypperleg kvalitet. *Inger Marie Aicher Olsrud* var prosjektleiar frå RA sa at Kulturdept. hadde løyvd 12- mill. kr/år til ”ruinprosjektet”, der Mo var einaste oppgåve i Valdres. *Bjørn Erik Johnsen*, lokal murar, fortalde om nøyaktig merking og bruk av steinane, og at vi no bruka rein



Grunneigarane på Mo: Kari Synnøve, Per Håvar og Steinar.

kalkmørtel, som nok var vanleg då kyrkja vart bygd. Landskapsarkitektane *Rune Vik* og *Ingrid Skavhaug* greidde ut om arbeidet med forming og planlegging av terrenget rundt kyrkja.

Sjeldan kunne salmen høve betre enn når vi ved ruinen søndagen den 8. song ”Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårnene faller”.

Tonefylgje hadde vi frå *Susanne Engelman* på cello og *Odd Arne Erlandsen* på trompet. Veret la solsida til, frammøtet var godt, og høgtida var stor, og traktementet smakeleg. Både prest og vikarierende prost var med oss. No fekk vi noko repetisjon av det som vart sagt dagen før + noko nytt. Synleg takk og ære fekk dei som hadde stått for arbeidet. No har vi lokalt ansvar for å halda dette ved lag i åra som kjem.



Klokkar Magnhild opnar messa.

NYE SOKNERÅD i Vestre Slidre – fram til 2015

Vi har enno kyrkjeval etter ”prøveordning”, der halve rådet + alle varamedlemmar er på val kvart andre år. Slik oppnår vi at nokon i rådet ”har vore med på dette tidlegare” og veit kva som skal gjerast til ulike tider. Dette er eit godt system vi bør halda fast på. Det var uventa for oss at alle varapersonar i sokn med prøveordning har funksjonstid berre to år. Vedtaket om dette ligg i *rundskriv nr. 1-2007 frå Kyrkjerådet, men det er ikkje nemnt i handboka for kyrkjeval, der valperioden er fastslegen til fire år.*

Talet på røysteføre i sokna er etter manntalslistene vi har fått frå Bispedømmekontor eller Kyrkjeråd, utskrivne 13.juni 2013. Listene er ikkje korrekte. Trass

i skriftleg og munnleg spørsmål og fleire purringar gjennom året har kyrkjelege organ på høgt nivå ikkje svara eller greidd svara på kvifor medlemmar i Kyrkja er utelatne frå listene eller er oppsette i feil sokn. *Listene har vore feil i fleire tidlegare val, og det er skammeleg når påviste feil ikkje vert retta frå dei som har ansvaret for dette ! Å gjera ein feil ein gong, er tilgjeveleg, men å gjera same feilen fleire gonger, er utilgjeveleg !* **MÅ dei finna same feilane, dei som skal sette opp vallister i 2015?**



Kjønnsfordelinga er ikkje god i alle sokneråda ; men av 33 medlemmar (medrekna varamedl.) finn vi 19 kvinner + 14 karar. *Valdeltakinga avheng mykje av vallokalet.*

	LOMEN	RØN	SLIDRE
Røysteføre	269	618	670
møtte til val	99	256	163
deltakings %	36,8	41,4	24,3
Medl. står att frå 2011	Liv Stokkebryn Ødegård 61343780-91572316 Dagrun Anita Øyen 95057990 Ingunn Olsen Hovda 61337994-99234372	Andris Tuvmarken 61344129-95202075 Turid Kjersti Berge 47651013 Anne Berit Strømmen Strand 61344045-97597150	Oddrun Kverneggen 61343409-90140294 Ingebjørg Reien 90798778 Siv Tone Drevsjømoen 99460547
NYE medl.	Ingebjørg Høyne 61343856-97689027 Tore Gullhaug 61344067-61343932 Torger Hålien 61343858-91723529	Martin Wiknes 61363524-90181350 Geir Egil Skattebo 99584000 Randi Røn 61344477-99734130	Kari Tveit Hande 95746466 Rønnaug Tønsager 91754935 Toril I. Stensrud Trøen 91851530
nye varam.	Gullik Stee 95045047 Knut Kjøs Egge 99710967 Per Olav Eide 91674876 Odd Magne Grythe 61343756-95888766 Ola Bakke 91887294	Øyvind Magistad Berge 61344117-95798032 Ruth Marie Røn 95025490 Jan Martin Hambro 61363260-99235884 Hege Fosheim 61344015-92803436 Marit K. Ruud Vidste 61344062-97643274	Marit G. Trøyflat 97116056 Sverre Myrheim 95236371 Gerd S. Midthus Stølhaug 41385964 Nils O. Bakken 61343488-48202180 Karin Bjørnsrud 91779933

Dei nye sokneråda har no delt oppgåvene slik mellom medlemmane sine (*varapersonar skrivne i kursiv*) :

rolle	LOMEN	RØN	SLIDRE
leiar	Dagrun Anita Øyen	Anne Berit Strømmen Strand	Oddrun Kverneggen
nestleiar	Liv Stokkebryn Ødegård	Andris Tuvmarken	Ingebjørg Reien
skrivar	Ingunn Olsen Hovda	Martin Wiknes	Rønnaug Tønsager
kasserar	Ingebjørg Høyne	Randi Røn	Siv T. Drevsjømoen
rådsmedl.	Tore Gullhaug Torger Hålien	Turid Kjersti Berge Geir Egil Skattebo	Kari Tveit Hande Toril I. Stensrud Trøen
fellesrådet (FR)	Liv Stokkebryn Ødegård Torger Hålien	Andris Tuvmarken Martin Wiknes	Ingebjørg Reien Kari Tveit Hande
gudsteneste- utvalet	Dagrun Anita Øyen	Andris Tuvmarken	Oddrun Kverneggen
trusopplærings- utvalet	Ingunn Olsen Hovda	Geir Egil Skattebo	Siv T. Drevsjømoen
kyrkjebladet	Ingebjørg Høyne	Turid Kjersti Berge	Toril I. Stensrud Trøen
diakoniutval	Tore Gullhaug	Geir Egil Skattebo	Marit G. Trøyflat

«**TWEEN CAMP**, kva er no det?», undrast mange då Ola kom med planane om å fylla pres-tegarden med born og ungdom ei helg. Og Tween Camp vart det siste helga i august, då vi fekk sjå ein hage i godver full av yrande liv, fleire enn 60. Med lavvoar og telt, og leik og moro. Den glade, kristne bodskapen sto i høgsetet gjennom song, gode samtalar, og mange aktivitetar. Mat må til, og det sytte sokneråda for. Ei strålende helg vart avslutta med ei minnerik friluftsmesse på den nye kyrkje-garden, der vi fekk høyre glad og vakker song frå unge røyster og ein sprudlande prest. Til sist ballongslepp med bønner til ein knallblå himmel Vakkert.



Vi skylder stor TAKK til Ola, Cecilie og Nathalie, som opna heimen sin og tok imot store og små på ein so raus måte. Ytringane vi hørde mest på sundag ved kyrkjekaffien, var ”Eg håpa det blir til neste år òg!”.

**Merk av dagane
29. – 31. august 2014
til ny Tween Camp!**

KYRKJELEGE HANDLINGAR etter 12.07

handling	sokn	kyrkje	dato	namn
DØYPTE	Lomen	Lome stavkyrkje	29.07. 18.08.	Andris Rolandsgården Somthawin Liaoprakhon
	Røn	Røn kyrkje Øyjar kapell	22.09. 20.10.	Syver Melbye Strand Ronja Memie Wiknes
	Slidre	Røn kyrkje Slidredomen	22.09. 13.10.	Håkon Drevsjømoen Børve Lotte Hålien-Syversen
VIGDE	Lomen	Lome stk. Slidredomen	24.08. 14.09.	Davina Elisabeth Talen og Finn Esben Oust Heiberg Lillian Holte og Geir Moen
	Røn	Røn kyrkje	03.08.	Mona Alvilde Hole og Ronny Hole
JORDFESTA	Lomen	Lomen kyrkje	20.08. 29.08. 22.09. 05.11.	Marit Aastad, f. 1925 Ragnhild Ellestad Gjengedal, f. 1939 Dagmar Tøftum, f. 1921 Torleiv Kårstad, f. 1933
	Røn	Røn kyrkje	14.07. 15.07. 14.08. 30.08. 11.09. 08.11. 15.11.	Lars Hambro, f. 1922 Arvid Svanheld, f. 1949 Marit Gardshaug, f. 1941 Toralf Bergli, f. 1919 Knut K. Ødegård, f. 1934 Olga Opheim, f. 1920 Anton Bøe, f. 1935
	Slidre	Slidredomen	13.07.	Kari Einang, f. 1941

KUNNGJERING Styret for stiftelsen "Torgeir Før's minne" deler ut midlar til lag og private som driv kristent barne- og ungdomsarbeid i Vang og Vestre Slidre.

Dei som tek utdanning/kurs, eller vil delta

på leir i kristen regi, kan også søkje. No er det ingen søknadsfrist, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn.

Søknaden sender du til *TORGEIR FØR'S MINNE* v/ *Leif Homme, 2967 Lomen.*

REDAKSJONEN I KYRKJEBLADET

er sett saman av ein person frå kvart sokn + ein redaktør på fritt geografisk grunnlag. Vi meiner det er bra at redaksjonen er liten, og at den høyrer heime i kyrkjelege organ, men dette er ikkje eit vilkår for ettertida. Den gamle redaksjonen sender no ut det siste nummeret vi lagar saman. Som nye i redaksjon har sokna peika ut *Ingebjørg Høyne* frå Lomen, *Turid K. Berge* frå Røn og *Toril Irene Stensrud Trøen* frå Slidre. Ny redaktør vert truleg utnemnt i fellesmøtet sist i november. Vi i den "gamle" redaksjonen har hatt ei fin arbeidstid i lag, og vi likar Kyrkjebladet som det er no, med 16 sider, utan annan reklame enn for *den bedrifta* som har kosta utsendinga av utgåva. Vi har ikkje fått NEI når vi har bedt om sponing av dette slaget, og vi takkar dykk!

Bladet vert no trykt i sentralt område, men "lay-

out" gjer vi hos Valdres Trykk. Dette er kostbart, og det betyr at vi må ha sperrefrist for stoff nær tre -3-veker før utsending, av dette er ei veke for Posten si skuld. Om vi trykker på Fagernes, kan vi vinna inn to av dei tre vekene, og med det få eit ferskare blad, men i annan storleik (som avisa VALDRES). Dette vil også bli vesentleg rimeligare i pris. Vi trur den nye redaksjonen bør vurdere disse spørsmåla.

Med dette vil vi takka for oss, for tillit og hjelp vi har fått frå alle.

No unner vi deg og dine ei
GOD JUL og eit LYKKELEG NYTT ÅR,
og vi ønsker den nye redaksjonen
LYKKE TIL !

*Ingrid og Malin
Turid*

*Kari Synnøve
Gunnar*

Berre seks av 37 ulike julesalmar i Norsk Salmebok har norsk tekstopphav, seks er av tysk, fire av latin, tre av engelsk/amerikansk, og tolv -12- av dansk, ikkje uventa eller urimeleg. Nedanfor finn du ein norsk av nyare dato, skriven av Trygve Hoff frå Saltdal. Han var lærar, tekstforfattar, komponist, artist, songar, kordirigent og alt anna innanfor kulturlivet der han levde sine tilmålte 49 år.




NORDNORSK JULESALME

Trygve Hoff

Velsigna, du dag over fjordan, velsigna du lys over land,
velsigna de evige ordan om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille Du gav oss den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne Du aldri vil la oss forkomme i armod og skit.

Vi levde med lua i handa, men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visselig sanna : vi e hardhausar, vi som Du.
Nu har vi den hardaste ria, vi slit med å kave oss frem
mot lyset og adventsti'a, d'e langt sør tel Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen, la det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.



TINE